

Emne nr. 141

## **AMATØRREVYAR OG REVYVISER**

Denne spørjelista er komen i stand ved eit samarbeid mellom Viserkivet og Norsk etnologisk gransking (NEG). I denne samanhengen er Visearkivets hovudinteresse ved revyvisene, medan NEGs hovudinteresse er ved revyteater-verksemda. Derfor er lista delt i to. Opplysningar om revyen og revyteater-verksemda vil NEG ta vare på. Dei viser som kjem inn ved svar på lista, vil bli katalogisert, ordna og oppbevart ved Visearkivet, slik at alle viseinteresserte kan finne dei att.

Spørsmåla er meint som ei rettleiing. Kjenn deg ikkje for bunden av dei dersom du heller vil skrive fritt i samanhengande tekst. Vi rår deg til å lese gjennom heile spørjelista før du tar til å skrive.

Alle bilete, tekster, avisutklipp og lydband som vert sende til oss vil bli kopierte for vår rekning og returnerte dersom det er ønskjeleg. Notér sist i svaret ditt dersom det er noko du vil ha i retur.

### **REVYAR**

Med revy meiner vi ei sceneframsyning med blanda innhald av sketsjar, viser eller songar. Revyen kan vere med og utan raud tråd; han er oftast aktuell, og gir ein ironisk kommentar til det som opptar folk.

I dei større byane har det alt lenge vore profesjonelle revyteater. Ved fleire universitet og høgskular har studentar, dvs. amatørar, årvisst spela revyar som er blitt kjende landet over. Den revyverksemda er det opplysningar om i arkiv og i bøker og aviser.

Men i tillegg til desse har det vore spela amatørrevy i by og bygd landet over – tilfeldig og i perioder årvisst. Om denne revyverksemda er det få opplysningar. Derfor vil vi med denne spørjelista freiste å skriftfeste den kunnskap som du og andre har om slike lokale amatørrevyar.

Dersom du kjenner folk som har vore med på å lage, eller som har sett lokale revyar, ver god å gje oss namn og adresse til desse. Er det born eller ungdom på heimstaden din som arrangerer revyar i dag vil vi gjerne ha kontakt med dei òg.

1. Vert det, eller har det vorte laga revy på heimstaden din?
2. Er det – eller var det – ein årvisst tradisjon?
3. Veit du noko om kor langt attende i tida denne tradisjonen går?
4. Har det vore periodar med avbrot?
5. Kven stod bak revyen? (Lag, organisasjonar, skular eller anna?)
6. Var det særlege personar som tok ansvaret for å lage revy år etter år? Fortell om initiativtakarane. Vi vil gjerne ha namn og adresse til folk som kunne vite meir om dette.
7. Kven var aktørane i revyen? Var det dei same år etter år?

8. Vende revyen seg til spesielle grupper?
9. Har revyane vore knytt til visse årstider? (Nyttårsrevy, sommarrevy?)
10. Kvar har revyen hatt scene?
11. Har det vore aktuelt å dra på turné med revyen?
12. Har det vore gjesteframsyningar med revy frå andre stader?
13. Var revyframsyningane populære i miljøet?
14. Vart revyen omtala i lokalpressa? Kva for blad eller aviser var det? Har du utklipp som vi kan låne til kopiering?
15. Fanst det personar eller grupper som ikkje lika revyar? Kva for grupper var det, og kva grunn hadde dei?
16. Vi vil gjerne at du fortel det du kan hugse om innhaldet i revyar du har sett eller vore med på. Fortell òg om kostymer, kulisser, musikk. Vi vil svært gjerne låne fotografi dersom det finst.

## **REVVYSER**

Revyvisene er laga for å syngjast frå ei scene. Nokre har til einaste formål å spreie glede. Andre er humoristiske kommentarar til noko som er aktuelt i samtida, og er såleis eit vitnemål om den.

Nokre revyviser har overlevd sjølve framsyninga og kome på folkemunne slik at dei er vorte landskjende. Ei vise frå ei lokalrevy kan ha vorte kjend og kjær i lokalmiljøet. Vi vil gjerne at du skal fortelle oss kva du kan av slike viser. Dersom du ikkje hugsar heile teksten, så hugsar du kanhende ei strofe eller to, eller du kan fortelje kva visa handla om. For oss er alt like kjærkome. Kan hende er vi så heldige at nett du hugsar ei vise som alle andre har gløymt.

Mykje revystoff vert uforståeleg med tida. Derfor ber vi om kommentarar til tekstene. Det er viktig for oss å få dei opplysningane som måtte finnast om kven som laga visa, kven som sang henne og kva for revy ho vart skreven til. Melodien er òg viktig. Dei fleste revyviser går på kjend melodi, og då greier det seg å vise til melodien.